

Fjordhest-NM

2016



4. – 9. juli på Mo i Førde

Programhefte

Takk for støtte til NM!



PEPPES PIZZA FØRDE



vitusapotek+



Åsen &
Øvrelid as



Velkommen til NM for fjordhest på Mo!

Vi ynskjer deg som deltar eller publikum hjarteleg velkommen til fine fjordhestdagar her på Mo.

Førebuingane til NM har gått føre seg over lang tid, og vi håpar du vil trivast her. Den fyrste «nasjonale meisterskapen» for fjordhest gjekk føre seg her i Førde, i 1986. Også i 1996, 2008 og 2009 vart NM helde på Mo, og det er dermed femte gong vi arrangerer NM her i Sunnfjord. I dette heftet finn du informasjon om stemnet og deltarane. Vi har også laga eit lite historisk tilbakeblikk, i og med at det er 30. gong NM for fjordhest vert helde.

Ved jordbrukskulen på Mo er det lange tradisjonar med hest og hesteavl, og i løpet av dei siste 30 åra har det blitt bygd opp eit godt hestesportsanlegg her på plassen. Den fyrste travbana vart opna i 1990, og vart utvida til 800 meter nokre år seinare. På 90-talet vart også ridebane midt på travbana laga, og utover på 2000-talet kom det nye stallar, fleire banar, maratonhinder, og feltrittsløype i terrenget. Hestelinja ved skulen er daglege brukarar av anlegget. I tillegg er Firda Travlag, Sunnfjord Fjordhestlag og Førde køyre- og rideklubb aktive brukarar, med ulike typar arrangement og trening. I vår har det blitt laga enda ei bane nede ved elva, og i det fine området der nede vil delar av maratonkjøringa gå føre seg, i vakre og naturskjønne omgjevnadar.

Vi gler oss til trivelege hestedagar på Mo, i lag med alle dykk som skal starte, sjå på, eller vere med som funksjonærar eller medhjelparar. Vi er avhengige av at mange dreg lasset i lag, og vil nyte sjansen til å takke alle som er med og bidreg til eit godt arrangement. Tusen takk til frivillige, sponsorar, ryttarar, kuskar, dommarar og teknisk personell, til publikum, og alle andre. Ein stor takk også til oppdrettarane, som har avla fram alle desse flotte hestane vi ser her i dag. Utan rikeleg med fjordhestentusiastar gjennom mange, mange år, hadde det ikkje vore mogleg å få til noko slikt som dette.

Vi minner elles om reglar for tryggleik og velferd på området, og håpar alle får fine dagar på Mo. Ynskjer også lukke til, alle dykk som skal starte!

Med helsing arrangøren



VI MINNER OM FYLGJANDE REGLAR, SOM GJELD HEILE STEMNEOMRÅDET ALLE DAGAR:

- **Fjordhest-NM er eit røykfritt arrangement. Røyking må berre skje på tilvist plass**
- **Fylg og vis respekt for skilting og oppmerking**
- **Hundar skal haldast i band på heile området**
- **Ver spesielt merksame når det gjeld punkt der hestetrafikk og publikumstrafikk møtast. Hald god avstand til hestane**
- **Ver venleg og rydd etter deg. Kast boss i spanna som er sett opp**
- **Vi minner elles om at alle startande må setje seg godt inn i reglane (KR), når det gjeld tryggleik og hestevelferd**

Innhold

Velkommen til NM for fjordhest på Mo	s. 3
Tidskjema NM fjordhest 2016	s. 5
Fjordhest-NM 30 år <i>Anne Siril Horstad Bruland</i>	s. 6
Historia om Fjordhest-NM <i>Inger Grønntun</i>	s. 8
Ekipasjeliste	s. 12
Ryttar/kuskemelding	s. 14
Kart over området	s. 18
Fargane til Fjordhesten <i>Inger Grønntun</i>	s. 20
Deltakarar i junior- og seniorsamandraga	s. 23
Deltakarar i BUF	s. 24
Deltakarar i greinmeisterskapa	s. 25-27

Programheftet er sett saman av *Inger Grønntun*



FOTOGRAFERING Fjordhest-NM 2016

Ønsker du bilet av deg og hesten din under NM?
Fjordhest-NM sine to eigne fotografar er til stades under alle klassane under arrangementet.
Dersom du ønsker å kjøpe nokre av bileta som er tatt av deg og hesten din må du ta kontakt med ein av oss på e-post.



Prisar:

Prisen er 50 kr per klasse. Då får du tilsendt mellom 5-10 bilet på e-post. Om det er færre bilet enn dette av deg i klassen tar vi utgangspunkt i 10 kr per bilet. Om du ikkje er fornøgd med kvaliteten på bileta tar vi høgde for dette mtp. pris.

Portrettfotografering kostar 100 kr for ei enkel fotografering av deg og din hest, og 250 kr for ein meir omfattande photoshoot.

Kontakt:

Astrid Marie Årdal - astridmarie.ardal@gmail.com / 94782549
Inger Grønntun - ingergrø@hotmail.com / 91763789 (sms)

Portrettfotografering; send ei melding til tlf. 94782549 (Astrid Marie)



TIDSKJEMA NM FJORDHEST 2016

Måndag

Veterinærvisning kl. 14:30-17:30
Oppstilling til opningsseremoni kl. 18:30
Opningsseremoni kl. 19:00



Tysdag

Dressurbane 40x80

Klasse 1 LC:2 kl. 08:00-13:30
Klasse 2 LB:3 kl. 14:00-19:30

Dressurbane 20x60

Klasse 3 LA:3 kl. 12:00-17:30
Premieseremoni kl. 20:30. Oppstilling 15 min før

Onsdag

Dressurbane 40x80

Klasse 7 MB Dressurkøring kl. 08:00-10:00
Klasse 5 LC Dressurkøring kl. 11:00-12:40
Klasse 6 LB Dressurkøring kl. 13:00-17:10

Dressurbane 20x60

Trøstefinale Klasse 4b LA:4 Start kl. 08:00
Finale GM dressur Klasse 4a MC:1 Slutt kl. :00
Klasse 20 LC:2 kl. 13:00-15:30
Klasse 22 MB Dressur kl. 16:00-16:35
Klasse 21 LB Dressur kl. 17:00-18:30
Premieseremoni kl. 19:30. Oppstilling 15 min før



Torsdag

Dressurbane 40x80

LC:1 knøttcup dressur kl. 08:00-14:00
Sprang 0,60 knøttcup kl. 08:00-14:30
Området rundt Mo
Feltritt kl. 17:00-19:00
MB maraton kl. 10:00-12:00
LB maraton kl. 12:00-14:20
LC maraton kl. 14:30-15:00 Ferdig ca kl 16:00
Ryttafest/kuskefest, inkl. premieutdeling kl. 21:00

Fredag

Banevisning presisjon kl. 08:00-09:00
LC Presisjon kl. 09:00-10:30
LB Presisjon kl. 10:30-12:30
MB Presisjon kl. 12:30-14:30
0,70sprang kl. 15:30-16:30
0,80 sprang kl. 16:30-17:30
0,90 sprang kl. 17:30-18:00
Premieseremoni kl. 19:00
Deltakermøte kl. 20:30



Laurdag

0,60 sprang kl. 08:00-09:30
0,70 sprang kl. 10:00-12:00
0,80 sprang kl. 12:30-14:00
1,00 sprang kl. 14:30-15:00
Oppstilling kl. 16:00
Avslutningsseremoni kl. 16:30

Fjordhest-NM 30 år

Litt om oppstarten i Førde i 1986, og bakgrunnen for NM

Av Anne Siril Horstad Bruland

I 1986 skipa Førde Fjordhestlag til det første nasjonale fjordheststemnet i landet. Formann Karl Vie i Førde Fjordhestlag uttalte dette etter stemnet: «Vi vil få fram fjordhesten sin styrke som ein allsidig hest. Og det synest eg vi har makta bra med dette stemnet». Greinene det vart konkurrert i var terrengritt, sprang og køyring. Her kjem litt om bakteppet for oppstarten av eit nasjonalt fjordheststemne:

Fjordhesten hadde utetter etterkrigstida gått gjennom ei krise. Ettersom traktoren erstatta hesten i landbruket, vart interessa for hesterasen laber, og talet på hestar minka år etter år. Også fjordhestmiljøet vart veikare og veikare. Ein av dei som kjempa mot denne negative utviklinga var Jon Hegdal. Han var fylkesagronom i Sogn og Fjordane, dommar, og i ulike periodar formann og styremedlem i Norges Fjordhestlag. Han sette nytt mot i fjordhestfolket, reklamerte for rasen i inn- og utland, og arbeidde for rasen inn mot departement og Storting. Den største bragda var nok «The big lift», der 40 fjordhestar vart sendt med transportfly til USA i 1987.

Sal av fjordhest til utlandet tok seg kraftig opp ved Hegdal si hjelp.

Saman med Anders Lefdal greidde han også å få auka merksemd på fjordhesten i presse og media. Lefdal var ein flittig hestehandlar på Eid, og ei eldsjel for fjordhesten. Han reiste landet rundt med fjordhestsirkuset sitt, der ungdommar viste akrobatikk, sprang og andre fartsfylte øvingar med fjordhesten. Han knytte til seg Erhard Martin frå Tyskland for å utdanne ungdommene og hestane, og dei turnerte heilt til Nordkapp. Samstundes vart lastebilen fylt opp av gode fjordhestar som vart selde undevegs. Etter kvart satsa Lefdal stort, og bygde fjordhestsenter på Nordfjordeid. Dette senteret er i dag Norsk Fjordhestsenter. Også andre eldsjeler sette fjordhesten i høgsetet. På Langedrag bygde Edvin og Eva Thorson opp ein eventyrgard med dei opphavelege husdyrrasane i Norge, med fjordhesten som hestane sin representant. Fjordhesten vart også nytta på ridesenteret dei starta opp på Ekeberg i Oslo.

1986 var jubileumsåret for hingsteutstillinga på Nordfjordeid. Den feira då 100 års-jubileum, og var ei rekordstor utstilling med 49 påmelde dyr. Dette var den største hingsteutstillinga sidan krigen. Styret i Norges fjordhestlag skreiv dette i årsmeldinga si: «-Vi skal selje den allsidige, nøysame, godlynte og helsesterke hesten som alle kan ha råd til å eige og bruke. Det sterke presset vi kan merke frå ulike hald om å avle ein meir spesial-hest, må vi notere oss. Men vi må ikkje gå så fort fram når det gjeld einskilde eigenskapar, at hesten misser sitt sær preg.”.....” Det er særprega som gjer fjordhesten attraktiv». Styret nemnde i denne samanhengen at det folk ser etter i dag er gode avlsdyr, og godt opprena bruksdyr. «Vi rekk vanskeleg fram med arbeidet for fjordingen utan at folk får sjå kva den er god for i arbeid og fritidsbruk». Statskonsulent Arve Rolstad styrte samstundes avlen med stødig kurs i retning av ein fjordhest som stetta krava om ein allsidig brukshest, både til sport og arbeid.

Det første Fjordheststemnet Førde i 1986, sprang altså ut frå ei tid der ein såg eit behov for å setje fokus på bruken av fjordhesten. Det var eit nasjonalt stemne, likevel var det berre deltagarar frå Sogn og Fjordane. Det var 18 deltagarar til saman, og berre 4 gjennomførte alle tre øvingane. For å framheve allsidigheita til fjordhesten vart samanlagt-seieren det gjevaste. Målet ved stemnet var å få fram kor allsidig hesten var, og korleis han kunne brukast i fritidssamanheng. I følgje Karl Vie håpte ein at slike tevlingsar kunne stimulere fritidsbruken av fjordhesten. Sidan ein ikkje hadde arrangert slike tevlingsar før, nytta arrangørane reglar som var nye for dette stemnet, og delvis henta frå tilsvarande tevlingsar i Sverige.


Presisjonskjøringa, eller hinderkjøringa, gjekk ut på å köyre slalåm mellom ei rekke hinder, inkludert forsering av ei vanngrav. Sprangridinga gjekk ut på å kome seg over ei rekke hinder på finast mogeleg måte. Distanseridinga føregjekk i terrenget og på skogsveg, med fleire postar. Både tid og stil var her viktig. To timer tok denne øvinga for dei fleste deltagarane.

Slik var premielista (samanlagt):

1. Trude Ullaland, Kvikka, Naustdal
2. Inger Jorunn Kleppe, Bronse, Espelina, Nina, Midtre Nordfjord
3. Tone Tonheim, Lady Di, Naustdal
4. Ann Elin Aasen, Festus, Førde

Førde har vore stemnearena for NM Fjordhest desse åra:

- 1986: Arrangør Førde Fjordhestlag
1996: Arrangør Førde Fjordhestlag, Førde KRK, Sunnfjord Fjordhestlag.
2008: Arrangør Førde KRK, Jølster fj.lag og Førde fj.lag.
2009: Arrangør Førde KRK, Jølster fj.lag og Førde fj.lag.
2016: Arrangør Sunnfjord Fjordhestlag og Førde KRK.



Trude Ullaland og Kvikka, frå eit stemne i 1984

Kjelder:


- Fjordhesten nr 5 1986: Redaktør Thomas Skålnes i Gula tidend sin reportasje frå fjordheststemne i Førde.
Arve M. Bakken, Fjordhesten-Menneskevennen, Samlaget 1998
Arnold Sletteland, Førde Fjordhestlag gjennom 70 år, Firda Trykk Førde.2002
Reportasje i Firda, av A. Sletteland. 1986

Takk for støtte til NM!

**SONG OG FJORDANE
BONDELAG**



NAUSTDAL BONDELAG



STARDALEN BONDELAG



**Fylkesmannen
i Sogn og Fjordane**

Historia om Fjordhest-NM

Av Inger Grønntun

Eg har teke på meg oppgåva å skrive litt om NM for fjordhest gjennom tidene. Det heile starta her i Førde i 1986. Vi er dermed tilbake til utgangspunktet, når arrangementet no kan feire heile 30 år. Dette blir eit kort tilbakeblikk, med fokus på dei endringane som har skjedd, frå 1986 og fram til i dag.



I «Fjordhesten» nummer 6 1985 skriv Karl Vie frå Førde fjordhestlag at dei inviterer til eit «Nasjonalt fjordheststemne». Dette skal haldast i august 1986, og Vie fortel at dei dreg i gong arrangementet «for å styrke interessa og fritidsbruken av fjordhest». Plana for dagane var distanseritt, hinderkjøring, sprangriding og ulike lagtevlingar. På den tida då ein starta opp med NM, var det stort fokus på nye bruksområde for fjordhesten. I medlemsbladet finn ein mykje engasjement når det gjeld dette, og det er saker som stadig går att på årsmøte, tillitsmannsmøte, og i debattinnlegg. På stemnet i 1986 i Førde var det berre deltakrarar frå Sogn og Fjordane, men året etter, på Breim, kom det hestar og ryttarar frå Austlandet også. Øvingane var dei same som i Førde, og målet var å vise at ein hadde ein allsidig hest. På den tida var det heilt andre reglar enn no, og det var til dømes lov til å delta med forskjellige hestar i dei ulike øvingane, og likevel telle med i samandraget.

I 1988 vart konkurransane for første gong kalla «Norgesmeisterskap», og det var Hedemark Fjordhestlag som stod som arrangør. Det var no begynt å bli mange som ville delta, og Norges Rytterforbund ville gjerne at deira reglar skulle fylgjast. Ein starta difor på eit samarbeid, og utarbeida etter kvart eit reglement for NM, som i tidenes løp har utvikla seg til det vi kjenner i dag. Under NM på Jarlsberg i 1989 hadde ein for første gong med dressurriding, men dette var berre ein open klasse, som ikkje talde med i samandraget. I 1990 var NM på Voss, medan ein i 1991 var tilbake i Sogn og Fjordane, nærmere bestemt på Nordfjordeid. Dette året vart det for første gong arrangert opne klassar, der ein kunne starte i einskilde øvingar utan å telle med i samandraget. Forma på dette var likevel ikkje heilt slik vi kjenner det i dag.

Nedre Buskerud Fjordhestlag og Drammen og Omegn rideklubb stod for NM i 1992. På den tida var det stort fokus på korleis ein kunne tilpasse stemnet til NRYF sine reglar, for enno var det ikkje alt som stemte overeins. Hesteregistiring og lisens var mellom det som vart diskutert, i tillegg til kvalifiseringskrav og reglar som handla om kor vidt same hest kunne starte med både junior- og seniorryttarar. I 1992 hadde NM begynt å bli eit veldig stort arrangement, med enormt mange deltakrarar. Dermed vart det meir og meir

snakk om kvalifiseringskrav, og dette vart prøvd ut i 1993 og 1994. Ein måtte no kvalifisere seg i to av tre greiner. Både juniorane og seniorane starta dressur, sprang og presisjonskjøring, og dette heldt seg i mange år. I 1993 var NM i Rogaland, medan Ålesund var vertskap i 1994.

Til trass for kvalifiseringskrava, som trådde i kraft for alvor frå 1994, var deltagninga framleis



god. Dette året var for første gong LA-dressur med på stemnet, men framleis konkurrerte seniorane i LB. I 1995 var NM på Starum, etter at det vart flytta dit i huj og hast grunna storflaum på Biri, der det eigentleg skulle ha vore. Sprangridinga var elles eit omdiskutert tema. Det vart mange elimineringar i sprang, og kanskje ein måtte prioritere å trenre meir på denne greina. Ein begynte også å snakke om nivåheving i dressur.



I 1996 var NM tilbake i Førde, der det heile starta ti år tidlegare. Arenaen var Mo jordbrukskule, og konkurransane gjekk stort sett føre seg på fotballbana, der det er parkering på dagens NM. Ein begynte no å snakke om at utrekningane for å kåre samanlagtvinnarar kanskje burde endrast. Dressuren talde veldig mykje, og dei som gjorde det bra her, fekk eit stort forsprang på dei andre. Elles var tryggleik og køyring eit omsnakka tema. Mange køyrde framleis med dei gamle stolkjerrene, og det skjedde nokre uhell. Kanskje burde ein forby galopp i juniorklassane, var det nokre som hevda.

I 1997 tok ein i bruk nye statuttar, og NM vart lagt til Jarlsberg i Vestfold. Det vart lagt inn obligatorisk funksjonskontroll i køyringa, og dei startande måtte vere kvalifisert i alle dei tre greinene. I tillegg vart det no innført Lett B-dressur for juniorane, og Lett A-dressur for seniorane. Utrekningane for kor mykje dressurdelen skulle telle vart endra litt, men ikkje nok. Ein begynte også med pengepremier til samanlagtvinnarane. Deltakinga var ikkje spesielt høg denne gongen, og ein del meinte det var på grunn av dei nye krava. NM vart helde i Bergen i 1998, og heller ikkje her var deltakinga høg. Berre 12 juniorar og 5 seniorar var med i samandraget. Det vart kalla inn til deltakarmøte under NM i Bergen, og det å få inn fleire opne klassar var noko av det som vart drøfta her. Noko måtte gjerast for å auke talet på startande.

I 1999 vart det invitert til ei heil fjordhest-veke på Linnesvollen i Lier, med både NM og nordisk. Talet på klassar vart utvida, og klassane vart opna, slik at ikkje berre dei som var med i NM-samandraget fekk starte dei. Det vart også arrangert køyrekonkurranse, utstilling og distanseritt. Det å opne klassane såg ut til å ha ei positiv verknad på deltakartalet, og var dermed ei ordning som kom for å bli. I 2000 var NM på Ekeberg i Oslo, og denne gongen var for første gong lagtevlingar med på programmet. I tillegg var utrekningane for NM-samandraget endra. NM var tenkt lagt over ei heil veke denne gongen også, men dessverre kom det sjukdom (abortvirus) til landet, noko som førde til stenging av stallar, og avlysing av heile NM. Arrangementet vart flytta til august, men gjekk då over færre dagar enn det som opphaveleg var tenkt.



Presisjonskøyringa vart mykje debattert etter NM i 2000. Etter den nye utrekninga køyrde ein på tid, og riv av ballar talde svært lite. Dette førde til «grisekøyring», og dette var ikkje intensjonen. I 2001 vart NM helde på Norsk Fjordhestgard i Gloppe, og denne gongen var for første gong maratonkøyring med som NM-grein. Seniorane skulle køyre maraton i staden for presisjon, og i tillegg vart sprangridinga heva til 0,90 for

junior, og 1,00 for senior. Maraton vart godt motteke, medan det viste seg at 1,00 sprang vart litt for voldsaamt. I 2002 var NM på Starum, og i 2003 på Foss-Eikeland i Sandnes. Seniorhoppinga vart teken ned att til 0,90, og frå 2003 vart det greinsamandrag i både dressur, sprang og køyring. Både i 2001, 2002 og 2003 vart det arrangert andre typar konkurransar også under NM, som terrengritt, brukhestutstillingar, brukskøyring og kostymehopping.



Gloppen var vertskap att i 2004, og kvalifiseringskrava vart gjort noko strengare enn før, ved at seniorane måtte kvalifisere seg i maraton. Tidlegare hadde det vore mogleg å bruke start i presisjon til å kvalifisere seg her. Det vart elles teke i bruk nye utrekningsmetodar, men det viste seg å framleis vere rom for forbetringer. Greinsamandraga var komne for å bli, desse var populære. I 2005 var ein tilbake på Ekeberg i Oslo, med både NM og nordisk. Deltakartalet var stort, men ikkje så mange starta i NM-samandraga. I 2006 gjekk NM føre seg på Nordfjordeid, og arrangementet fekk mykje skryt. Knøttcup vart med denne gongen, og statuttane fekk elles nokre mindre endringar når det gjaldt utrekning og kåring av NM-vinnarar.

Vallermyrane i Porsgrunn var NM-arena i 2007, og det vart samla mange deltakarar på eit flunkande nytt anlegg. Programmet var tettpakka, og ein begynte å tenke på om det kunne vere hardt for hestane å starte sprang dagen etter maraton. Elles var hestepassordninga noko som for alvor kom inn som diskusjonstema no. Kravet hadde alltid vore at ein skulle starte med reinrasa fjordhest, men no måtte dette dokumenterast i form av stam tavle og godkjende papir. Dette vart debattert, og til og begynne med fann ein ut at også hestar utan godkjent pass skulle få lov til å starte i ein overgangsperiode. Kva ein skulle gjøre med fjordhestar med utanlandske pass, var også eit heitt tema.

Både i 2008 og 2009 var NM på Mo i Førde att, og no var kravet om raudt eller blått pass handheva. Ein la inn knøttcup på dagen etter maraton, slik at NM-hestane skulle få høve til å kvile før sprangen, og i 2008 vart også premier til Beste Unge Fjordhest (BUF) for første gong innført. Ørsta var vertskap i 2010, og NM hadde no absolutt begynt å få den forma vi kjenner i dag. Det var delt ut premie til oppdrettarar av beste junior- og seniorhest, noko som sjølv sagt er stimulerande for dei som avlar fram hestane. I dag er det

mange avlarar som er opptekne av å selje hestane sine til folk som ynskjer å starte BUF og NM med dei. Det gjekk lenge føre seg ein debatt om avl kontra bruk, og ein del meinte at avlarane og brukarane hadde svært ulike interesser og krav. Denne diskusjonen har vi enno ikkje sett nokon ende på, men i dag verkar det som om det stort sett er mykje av dei same folka som både avlar og brukar hesten, og slik har det vel i grunn alltid vore. Det er gjerne unødvendig å skape eit gap som kanskje ikkje finst.



NM og nordisk i 2011 vart halde på Starum, og no kom ein opp i det luksusproblemet at det vart for mange påmelde i nokre av klassane. Ein måtte dermed avvise ekvipasjar som berre skulle starta opne klassar, og prioritere dei som starta samandrag. Voss var vertskap i 2012, og i 2013 var ein tilbake på Nordfjordeid. I 2014 var



meisterskapen halden i Drammen att, og i 2015 på Stav. No i 2016 er vi, etter 30 år, tilbake der det starta, i Førde.

Det har skjedd mange endringar på desse 30 åra. Deltakartalet har gått opp og ned, og er no jamt høgt. BUF-klassane har blitt populære, og greinmeisterskapa var ein opplagt suksess, som fekk talet på deltakarar opp att då ein sleit med å få nok hestar og ryttarar/kuskar med midt på 90-talet. Dei startande legg mykje arbeid i trening av

hestane sine, og når det gjeld utstyr har det skjedd betydelege endringar sidan starten. Lagkonkurransane har også gått gjennom endringar, og i år vil ein prøve seg med ei ny form, i tillegg til den tradisjonelle lagtevlinga. Det blir spennande å sjå om dette er noko som slår an. Elles har det vore vanleg i ein del år no å ha knøttecup i løpet av NM-dagane. Brukhestutstilling og andre typar tevlingar som har vore med i blant, har vore mindre brukt dei siste åra. Det blir spennande å sjå kva framtida vil bringe. Korleis ser fjordhest-NM ut om 30 nye år?

Kjelder:

Fjordhesten, diverse nummer

Nestaas, T. (2010) *Fjordhesten gjennom tidene*

Vangen, K. – Artikkelserie, «*Historien om Fjordhest-NM*», i Fjordhesten nr. 1 2008 – 4 2009

www.fjordhest.net – *Fjordhestforum på nett*

Foto: Inger Grønntun. Frå NM på Mo i 2008


Svein Erik Hafstad

- Kjøp og sal av Fjordhestar - Preparering hestar til utstilling

Ta kontakt på telefon 90871772

NINJAR (Foto: Ina Steiro Herstad)





EKVIPASJELISTE

Totalt 134 ekvipasjar. 120 ryttarar. 117 hestar. 46 klubbar: 46 NM Fjordhest

1 Dale, Mathilde Elisabeth Reksten – Lyheims Lindy TEFR	33 Øksnes, Marita Haugland – Brugutten Balder STEND
2 Øvrebø, Toril – Helgrunn FKRK	34 Laupsa, Emilie – Horstadblakken HARDA
3 Nyløy, Emma – Sofin FKRK	35 Thingnes, Karoline – Dragar TEFR
4 Botnevik, Kjersti Anette – Kornvin Freidig STEND	36 Arnesen, Simone – Rudsmo Dalmin HALL
5 Standal, Ida Kristine – Endrar VOLDA	37 Arnesen, Simone – Rødlands Baronen HALL
6 Nyhagen, Liv Jorunn – Pokemann EID	38 Bøyaard, Andrine – Rudsmo Dalmin HALL
7 Kulstad, Linda Marie – Skraarud Gråen FORK	39 Bøyaard, Andrine – Rødlands Baronen HALL
8 Ueland, Annifrid – Sæles Loke EID	40 Kvaale, Tone – Severin VAAD
9 Håheim, Anne Marie – Vonprins GLOP	41 Hilleren, Lea – Vies Pippi FKRK
10 Kleppe, Karin – Merinas Emil GLOP	42 Gravdal, Natalia – Grålind FKRK
11 Karlsen, Sandra H – Myrlid SARP	43 Erdal Byklum, Ane – Helgrunn FKRK
12 Sjo, Liv Marit – Blikra Lindsjolden STOR	44 Mikkelsen, Annike – Roselise BORGE
13 Kallekleiv Langeland, Sylvia – Freddi OAFL	45 Huseby, Aina Benedicte – Blåtopps Aria BORGE
14 Engeskaug, Hege – Nimbus HEDE	46 Johnsen, Mathilde Strand – Von Tor EID
15 Barsøe, Cathrine – Skjersbrage KRFRE	47 Jevnaker, Marte – Gullkar Vital TANG
16 Høiseth, Mia – Trønsdals Solstråle OAFL	48 Liland, Malin – Sigdestads Nikita EID
17 Haltvik, Marianne – Holtenbrage KRFRE	49 Skrede, Synne – Merina II GLOP
18 Skogstad, Janka – Yr LÆRD	50 Holmin, Erik – Stald Kiels Makker NEDR
19 Haukeland, Konstanse – Emil 243 STEND	51 Sørtømme, Unni – Hangvar Kry VAAD
20 Teigland, Amanda – Vevle Viking OSTE	52 Tannvik, Annicken Sørtømme – Hangvar Kry TRØN
21 Haugaard, Katrine – Solsidens Lilje OAFL	53 Alnes, Tirill – Lille Ulrik VOLDA
22 Sveen, Frøydis – Frøken Frøydis SNORD	54 Johnsgård, Line – Gorm Stanstorp FRON
23 Heier, Stine Anette – Balder Berger OAFL	55 Enget, Hanne – Elvira (IV) FRON
24 Heier, Stine Anette – Fønix Lasse OAFL	56 Hoddevik, Miriam – Arn EID
25 Nielsen, Amalie Hagen – Silketuna FKRK	57 Alnes, Tirill – Gløgg VOLDA
26 Pavenstädt, Lene Bergum – Engsgutten Storm STAV	58 Strandum, Sara – Vollgårdens Juni STAV
27 Steffensen, Madeleine – Balder Berger ØSTM	59 Gjervik, Vilde – Fjelling FLORA
28 Steffensen, Madeleine – Fønix Lasse ØSTM	60 Kjøsnes, Camilla – Ernando EID
29 Forsberg, Ulrikke – Solvinn STEND	61 Engen, Silje F. – Oppheims Ylva STAV
30 Ellingsdal, Marianne – Lykke Lilja FKRK	62 Solhaug, Kristine – Norgrimas Rambo FKRK
31 Gurvin, Sissel Bruland – Lykke Lilja FKRK	63 Moen, Anders Sæther – Foldas Sildre TROL
32 Pedersen, Hanne Elise – Jakobgardens Hedina SYLL	64 Aamot, Karoline Nygjerde – Lunner Gråen FKRK
	65 Sefland, Grete Elise – Vesleljosen EID

66 Hagen, Freya – Sanders Sarek VAAD	101 Holene, Isolde Holt – Sølv Glimta ØYST
67 Berge, Ina Malene – Hei Danska SØRL	102 Nordgulen, Laura Brons – Aniksdal Viljar TANG
68 Berg, Malin – Hauglands Helmik SHKL	103 Lone, Guro Marie – Hodne Frikken OSTE
69 Vevatne, Maren Rognø – Nesviks Liana FKRK	104 Stølen, Irja Vågene – Svingens Edda ØSTM
70 Kvalvik, Silje – Hugo (I) EID	105 Selnes, Tonje Alice – Hertine BHSK
71 Strandos, Hilde-kristin – Terne Prins EID	106 Stølen, Irja Vågene – Sylvester Berger ØSTM
72 Strandos, Hilde-kristin – Dyrhaug Sølvi EID	107 Bach-Gansmo, Cassandre – Flemming OAFL
73 Jonassen, Kathrine – Kvia Prinsen TFL	108 Brunvoll, Hanne – Liaguten NORDV
74 Jonassen, Kathrine – Stall Maysas Troy TFL	109 Sande, Elisabeth – Olaien FKRK
75 Andresen, Maia – Nesviks Lano HRRK	110 Kyrvestad, Heidi Marie Stean – Bøens Balder VALL
76 Andresen, Maia – Holstås Sterling HRRK	111 Stadheim, Åse – Rosas Kiara STRK
77 Paulsen, Trine Lillestøl – Fannemels Argon FKRK	112 Sævareid, Anne Marte – Blikra Lindskjolden VERK
78 Paulsen, Trine Lillestøl – Kapstads Herika FKRK	113 Løtuft, Harald – Finslands Norgrima FKRK
79 Evensen, Ida Njøs – Lindegaards Domino OAFL	114 Løtuft, Harald – Norgrimas Rambo FKRK
80 Hansen, Frida Kristin – Storløs Knerten OAFL	115 Redal, Stine – Løkling Nini FLORA
81 Ekroll, Elisabeth Rong – Gullbrand Viljarson TEFR	116 Indrebø, Silje – Råds Gråa FKRK
82 Vevle, Kamilla – Vevle Viking OSTE	117 Brenfelt Løkkeberg, Ane – Søråsens Bårdtefaks SAAS
83 Grov, Audhild Yoon – Rødlands Dennis FKRK	118 Feydt, Henriette – Torset Daysy ALVØ
84 Krange, Linn-Melissa – Maysas Varg Veum SNORD	119 Brunvoll, Evelyn – Liaguten NORDV
85 Westgaard, Anna Mathilde – Silje (II) MARK	120 Gustad, Inger Ohr – Højgaards Ivanhoe BHSK
86 Øye, Isabell Engjaberg – Brautar VOLDA	121 Mork, Randi Maud – Bakkens Odin VOLDA
87 Bolstadbråten, Madeleine – Maysas Varg Veum SNORD	122 Langhelle, Maria – Skaars Benita SOGN
88 Sunde, Ida-Elin Røstad – Kuling FRÆN	123 Riber, Evelyn – Fryd HARDA
89 Nygård, Ingrid Leknes – Tervas Frigg TEFR	124 Huseby, Stine – Birkemosegårds Lakaj SOGN
90 Vinsrygg, Kristin – Solsidens Alar HRK	125 Mikkelsen, Annike – Blåtopps Aron BORGE
91 Rasmussen, Marit Bøhler – Lun Smedsmo SAAS	126 Sjöström, Emma – Björstads Lukas RAUM
92 Seilen, Hilde – Birkeliid Tor NAUS	127 Erdal Byklum, Ane – Jakobgardens Vesla FKRK
93 Hafstad, Kristine – Kapstads Herika FKRK	128 Solhaug, Kristine – Finslands Norgrima FKRK
94 Stene, May Siri – Junes Almfaks NORDV	129 Berland, Stine – Nytuns Albert EID
95 Aarsten, Dagrun – Bergulf OAFL	130 Hatlevoll, Siri Havellen – Bakkens Tord SOGN
96 Ådnegard, Ingebjørg – Åsa Vilja HALL	131 Stuve, Guro – Åsa Drage HARDA
97 Fejerskov, Nina – Torset Daysy FKRK	132 Reed, Malena – Bøfin GLOP
98 Meyer, Marie Mørch – Lun Smedsmo SAAS	133 Reksten, Lucinda Bjørnset – Lyheims Lindy TEFR
99 Solheim, Dorthea – Haukfell GLOP	134 Ulland, Andrine – Høylands Ylva TEFR
100 Gløppestad, Anne Sofie – Strik NORDV	

Ryttar/kuskemelding for NM Fjordhest 2016



Arrangør: Sunnfjord Fjordhestlag og Førde Køyre- og Rideklubb

Dato: 4.-9. juli 2016

Stad: Mo

Vi takkar for påmeldinga di, og ynskjer deg velkommen til Mo. Arrangøren minner om at dette er eit landsstemne. Hugs derfor at reglement for landsstemne gjeld for heile området.

Telefonnummer til ansvarlege under stemnet

Stemneleiarar: Monica Gjøringbø 918 27 226

Harald Løtuft 992 25 151

Toril Øvrebø 481 25 530

Sekretariat: Lucinda B. Reksten 971 64 852

Oppstalling: Monica Gjøringbø 91827226

Korleis komme til Mo

Adressa er Mo, 6819 Førde. Kjem du frå sør/vest kan du fylge E39 gjennom Førde, og vidare ca. 10 km. mot Jølster. Ta av til høgre ved avkjøring til skulen (Mo og Jølster vidaregåande skule). Kjem du frå nord/aust, kan du fylge E39 gjennom Jølster. Køyr ca. 10 km. forbi Vassenden, og ta av til venstre ved avkjøring til skulen.

Viss du kjem før tysdag, kan du losse av hest og utstyr i nærleiken av stallane. Her er det avgrensa med plass, så vi oppmodar alle til å vere raske med å få av det utstyret som skal vere i stallen, slik at andre også får plass til å få av utstyret sitt.

Vogner til køyrekonkurransane skal stå mellom stall A og storlefjøsen.

Hestehengrar og andre hengrar skal parkerast ved saga. Du køyrer då vidare oppover E39 (mot Jølster), og tek av til høgre etter nokre hundre meter. Sving av og parker ved det første rauda bygget på høgre hand. Det er viktig å parkere tett, slik at alle får plass.

Under konkurransane vil det ikkje vere mogleg å køyre med bil til stallane. Dei som startar opne klassar utan oppstalling, må parkere ved saga, eller ved grustaket like ved.

Parkering av bilar på dagtid vil vere nede på fotballbana (mot elva) alle dagar. Vi har parkeringsvakter som svt føre at alle utanom arrangørane parkerer der. Det er lurt å ta med sykkel, då det er litt avstand mellom stallar og ulike banar på Mo.

Sekretariatet ligg inne i smia. Følg skilting for å finne fram. Sekretariatet vil vere ope sundag 3. juli, frå klokka 16.00 - 19.00, og måndag 4. juli frå klokka 12.00 - 18.00. På stemnedagane opnar sekretariatet ein time før første start, og er ope ein time etter siste start. Telefon 97 16 48 52, eller e-post nm2016@lyheim.net. Fram til NM begynner er det best å ta kontakt per e-post.

Oppstalling

Alla må ha med eiga bøtte til vatn, fôrkrybbe, høynett og møkkagreip. Stallane kjem til å vere stengt mellom klokka 23.00 og klokka 07.00. Ingen har lov til å gå inn i stallen i dette tidsrommet. Det vil vere nattevakter som ser etter hestane, elles skal dei ha ro. Arrangørane førar frukost, for å få mest mogleg ro i stallane. Andre måltid (middag, kvelds) må deltarane føre sjølv. Frukostføret må stå klart utanfor boksen, og vere godt merka med hestenamn og kva for ei føring det er laga klart til. Arrangøren tek ikkje ansvar for å gi vatn til hestane, dette må eigar gjere sjølv. Fyrste føring arrangøren står for er frukost tysdag 5. juli, og siste føring arrangør står for er frukost laurdag 9. juli. Ekipasjar som kjem før, eller som

reiser etter dette, må stå for føring sjølv. Vi tek omsyn til dei som har tidleg starttid når det gjeld tilgang til stallen om morgonen. Elles vil vi be om at ein ikkje har med seg meir enn ein person i stallen, for å gje hestane mest mogleg ro. Boksane er fylt med flis når ein kjem. Ynskjer ein meir flis i løpet av veka, kan dette kjøpast på staden. Bongar for flis og grovfôr kan kjøpast i sekretariatet, og med desse kan ein få utlevert flis/fôr kvar stemnedag mellom klokka 10 og 11, og mellom klokka 15 og 16. Stallane er klare frå sundag morgen (3. juli), men det er også mogleg å komme laurdag ettermiddag (2. juli). Ved avreise skal alle boksar tømmast *heilt* for møk og flis, og ein skal også koste boksen. *Ikkje reingjort boks vert etterfakturert med kr. 500,-*

Alle som avbestiller oppstalling etter at påmeldingsfristen har gått ut, vil bli etterfakturert, uansett årsak. Vi viser her til KR1 §144 punkt 2c.

Helseattest og liknande

Det vil vere sjekk av vaksinasjonar på parkeringsplassen når ein kjem, og /eller i sekretariatet. Alle må levere eigenerklæringskjema og speakerinfo i sekretariatet.

Opningsseremonien vert måndag 4. juli klokka 19.00. Alle frammøtte ekvipasjar skal stille opp her. Møt opp ved verkstaden. Det vert oppstilling fylkesvis klokka 18.30. Alle fylke må ha med seg ein person som kan bere plakaten med namnet på fylket. **Avslutningsseremonien** vert laurdag 9. juli etter at siste klasse er avslutta (rundt klokka 16.30). Det vert opplyst om tidspunkt for oppstilling på stemnearenaen. Alle deltagande ekvipasjar vert oppmoda om å møte. Her vil det også bli premieutdeling for NM junior/senior, lag og BUF.

Premieseremoniar blir kvar dag, ca. ein time etter at siste klasse er slutt. Alle premierte stiller med hest, utanom på torsdagen. Torsdag vil premieringa skje i forkant av ryttarfesten. Laurdag vert det premiering etter at kvar klasse er slutt. Alle premieseremoniane vil gå føre seg på den store ridebana. Premiering i greinmeistarskap dressur vert onsdag kveld, og premiering av greinmeistar køyring, samt LC og LB DMP vil gå føre seg fredag kveld.

NM-fest (kuskefest/ryttarfest) vert torsdag 7. juli klokka 21.00. Det blir servert grillmat, og prisen per kuvert er 150 kr for vaksne og 75 kr for barn under 12 år. Meir info om festen finn du på stemneplassen ved sekretariatet, og i Trines Saloon. Det vert sold billettar til festen i Trines Saloon.

Konkurransearenaer

Klasse 1 og 2: Grusbana, 40x80

Klasse 3: Bane A, 20x60-bana

Klasse 4a og 4b, 20, 21, 22: Bane A, 20x60-bana

Klasse 5, 6 og 7: Grusbana, 40x80

Klasse 8, 9, 10: Start vert opplyst ved banevisning

Klasse: 24: Start vert opplyst ved banegjennomgang. Dressur og sprang på 40x80-bana

Klasse 11, 12 og 13: Grusbana, 40x80

Klasse 25, 26 og 27: Grusbana, 40x80

Klasse 14, 15, 16 og 17: Grusbana, 40x80

Veterinærkontroll og visning

Alle ekvipasjar skal visast for veteranær. Dette skjer primært måndag 4. juli, klokka 14.30 - 17.30. Dei som eventuelt ikkje skal starte før torsdag, kan vise hesten sin torsdag, mellom klokka 07.30 – 08.30. Dei som ikkje vil vise før torsdag må sende melding om dette til nm2016@lyheim.net. Kontrollen går føre seg ved fjøsen. Vi oppmodar alle om å møte så tidleg som råd er til veteranærsjekk, slik at vi unngår kø mot slutten. Det vil elles bli visning for steward for knøttcup-ekvipasjane før terrengdelen. Tidspunkt for dette vil bli oppgitt på stemneplassen, men vi reknar med at det vert rundt klokka 15-16. Ekipasjar som startar presisjon vil bli kontrollert av steward/dommar når dei er forspent under oppvarming.

Dommarar og teknisk personell

Overdommer: Tone Løken

Chief steward: Margunn Rygg

Steward: Tonje B Wold, Janne Hetle, Ida Myrkaskog

Dressurdommarar: Emma Lundin, Eli Sandvik, Selina Johansen-Dahl, Anne Guri Fredriksen, Ruth Elisabeth

Vareberg, Aurora Van Der Velpen, Tina Eidsgaard

Sprangdommarar: Ingrid Bergset, Kirsten Aune (assistent). *Stildommar:* Hege Røed

Sprangbanebyggjarar: Alf Furland, Kristine Hafstad (assistent)

Knøttcup: Dressur: Marita Melheim, sprang: Kirsten Aune og Kristine Hafstad,

feltritt: Dagrun Aarsten

TD Køyring: Tone Løken

Dressurdommarar køyring: Tina Eidsgård og Tone Løken

Køyrebanebyggjarar: Odd Rune Vikheim

Ryttarrepresentantar: Vert opplyst på stemneplassen.

**Maraton og feltritt**

Det vert sett opp tidspunkt for banevisinger på stemneplassen.

Hugs:

* *Eigenerklæring*

* *Speakerinfo*

* *Betalt medlemskap i Norges Fjordhestlag*

* *Hestepass* med gyldige vaksinasjonar, rytterlisens, betalt klubbmedlemskap, og hestelisens for dei som treng dette

* Vi gjer alle merksame på at dei må kunne dokumentere kvalifisering, viss dei vert spurt om dette

Sjå elles eige tidsskjema. Endringar i tidene kan skje undervegs, fylg derfor med på informasjon frå arrangøren på stemneplassen. Viktig informasjon vil også bli publisert på arrangementet si Facebookside.

Velkommen til Mo!



Hööks
Alt til ryttar, hest og hund

AZ
HESTESPORT.no

BRUMBY BRUMBY
hesteutstyr - Tønsberg



Champion




horze®

It's a lifestyle.



Takk for støtte til NM!

Kart over området





FØRDE



BYGGMAKKER

BRULAND



FØRDE



FØRDE BYGG



BRULAND
PALLEFABRIKK AS



SUNNFJORD BYGG

TRYGVE AASEN
MASKINENTREPENØR



TOOLS

Enklere, sikrere og mer lønnsom
Tlf. 57 83 70 50
Hafstadvegen 80, 6813 Førde
www.tools.no



Takk for støtte til NM!

Fargane til fjordhesten

Det er alltid mange som lurer på kva slags fargar dei ulike fjordhestane på NM er, så her har eg laga eit lite oversyn. Alle fjordhestar er BLAKKE, og det finst fem ulike godkjende blakke fargar: Brunblakk, raudblakk, grå, ulsblakk og gulblakk. I tillegg kan fjordhesten vere blåøygd kvit (dobbeltgul), som per i dag ikkje er ein godkjent farge. Her på NM kan ein sjå alle dei fem godkjende fargane. Her er litt om kvar av dei, pluss eit oversyn over kva for nokre hestar som har dei ulike fargane.



BRUNBLAKK – Gulbrun pels i lysare eller mørkare nyansar. Svart midtstol (stripe i mana), og ein god del mørkt/svart i halen. Ofte mørk nedst på beina, i blant med svarte eller mørke sebrastriper. Midtstolen kan bli solbleika til mørk brun. Luggen kan vere mørk eller lys. Brunblakk er den mest vanlege fargen hjå fjordhesten.



Brunblakke hestar på NM i år: Lyheims Lindy, Helgrunn, Sofin, Kornvin Freidig, Endrar, Pokemann, Sæles Loke, Vonprins, Merinas Emil, Myrlid, Blikra Lindskjolden, Freddi, Nimbus, Skjersbrage, Holtenbrage, Yr, Emil, Vevle Viking, Balder Berger, Fønix Lasse, Silketuna, Engsgutten Storm, Lykke Lilja, Jakobgardens Hedina, Brugutten Balder, Horstadblakken, Dragar, Rudsmo Dalmin, Severin, Vies Pippi, Roselise, Blåtopps Aria, Von Tor, Sigdestad Nikita, Merina, Stald Kiels Makker, Gorm Stanstorp, Elvira, Arn, Fjelling, Ernando, Oppheims Ylva, Foldas Sildre, Vesleljosen, Sanders Sarek, Hei Danska, Hauglands Helmik, Nesviks Liana, Hugo, Terne Prins, Kvia Prinsen, Stall Maysas Troy, Nesviks Lano, Fannemels Argon, Kapstads Herika, Lindegaards Domino, Storløs Knerten, Maysas Varg Veum, Kuling, Lun Smedsmo, Birkelid Tor, Åsa Vilja, Torset Daysy, Haukfell, Strik, Aniksdal Viljar, Hodne Frikken, Hertine, Sylvester Berger, Flemming, Liaguten, Bøens Balder, Rosas Kiara, Finslands Norgrima, Løkling Nini, Søråsens Bårdtefaks, Højgaards Ivanhoe, Bakkens Odin, Fryd, Bjørstad Lukas, Nytuns Albert, Bakkens Tord, Åsa Drage, Bøfin



RAUDBLAKK – Gulbrun pels i lysare eller mørkare nyansar. Raud eller lysgrå midtstol (stripe i mana). Dei raudblakke har ikkje svart i hale, man, eller på beina (einskilde svarte hår kan likevel førekommme). Pelsfargen er om lag lik som den brunblakke, skilnaden ligg i at den raudblakke manglar svart farge i man, hale og på beina. Luggen er oftast lys. Beina er lyse, og kan ha raude/grå tverrstriper.



Raudblakke hestar på NM i år: Rødlands Baronen, Gullkar Vital, Vollgårdens Juni, Norgrimas Rambo, Rødlands Dennis, Junes Almfaks, Bergulf, Svingens Edda, Birkemosegårds Lakaj, Blåtopps Aron



GRÅ (GRÅBLAKK) –

Grå pelsfarge, i mørkare eller lysare nyansar. Man og hale er som på den brunblakke (svart midtstol, svart halefjør). Ofte mørke parti på beina/tverrstriper i svart/mørk brunt. Den grå har elles mørk mule, og mørke parti rundt auga, i motsetnad til dei andre fargane, som har lys mule.

Grå hestar på NM i år: Skraarud Gråen, Solvinn, Grålind, Hangvar Kry, Lunner Gråen, Dyrhaug Sølvi, Holtsås Sterling, Tervas Frigg, Solsidens Alar, Sølv Glimta, Råds Gråa, Jakobgardens Vesla, Høylands Ylva



ULSBLAKK – Lys, kremfarga pelsfarge. Man, hale og bein er som på den brunblakke. Mørk (svart eller mørkebrun) midtstol, ein god del mørkt/svart i halen, og oftast mørke stripa eller parti på beina. På den ulsblakke har ofte sidehåra i mana om lag same farge som pelsen, medan pelsen oftast er ein del mørkare enn sidehåra i mana på den brunblakke.



Ulsblakke hestar på NM i år: Trønsdals Solstråle, Solsidens Lilje, Frøken Frøydis, Gullbrand Viljarson, Olaien, Skaars Benita



GULBLAKK – Lys, kremfarga pelsfarge. Man, hale og bein er som på den raudblakke, men enda lysare. Lys grå, gul eller raudgul midtstol, som av og til knapt er synleg. Oftast lyse bein, lys hale og lugg. Det er liten skilnad på pelsfarge og fargen på sidehåra i mana.

Gulblakke hestar på NM i år: Lille Ulrik, Gløgg



Takk for støtte til NM!

Askvoll Hestetrygdelag
Øen Hestetrygdelag
Kyrkjebø Hestetrygdelag
Nordre Sunnmøre Fjordhestlag
Sømna og Brønnøy Fjordhestlag
Jølster Hestetrygdelag
Eid Hestetrygdelag
Osterøy Fjordhestlag
Midtre Nordfjord Fjordhestlag
Sykkylven Fjordhestlag



Erdal Sport
Elvågarden, Tlf. 57 72 29 30

sport er alt



HAGEMILJØ Førde
Hagesenter
Terrasse og plattning
Blomsterhandel

Takk for støtte til NM!



FØRDE HOTEL

Scandic

SUNNFJORD HOTEL & SPA



SKEI I JØLSTER



SKEI I JØLSTER



6843 Skei · www.essoskei.no



MO OG ØYRANE
VIDAREGÅANDE SKULE

NORTRONIK